LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Solheim Designere AS
Øvre Korskirkesmauet 2B
5018 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 05.03.2018 |
| Vår: 17/2342 - 18/6514 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 58/9 Lygre indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad og supplerande informasjon 15.11.17. Vi har etter samtale teke opp att søknaden etter samtale med ansvarleg søkar og etter at det vart motteke førehandstilsagn på utvida bruk av avkøyrsle.

Mottakskontroll
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:
1. Av supplerande informasjon går det fram at det er 3,4 meter frå nabogrense til Bygg 1, jf. motteke situasjonsplan 15.11.17. For tiltaket er krav om avstand til nabo for bygning nytta til beboelse 4 meter. Det må sendast inn erklaræring frå eigar av gbnr 58/6 om at tiltaket kan plasserast nærare nabogrense enn 4 meter.
2. Vi minner også om at kommunen ikkje har motteke søknad om dispensasjon for etablering av flytebryggje, jf. pkt 1 i mangelbrev datert 29.09.17.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.04.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ole Tundal Bakkebø | Skanselien 33 | 5031 | BERGEN |
| Solheim Designere AS | Øvre Korskirkesmug 2 B | 5018 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Solheim Designere AS | Øvre Korskirkesmauet 2B | 5018 | BERGEN |
| Solheim Designere AS | Øvre Korskirkesmug 2 B | 5018 | BERGEN |